

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gje slik uttale til saka om Den kulturelle spaserstokken, retningsliner for utlysing og tildeling av tilskot.

Fylkeseldrerådet er oppteken av at dei eldre skal få mange og gode kulturtildelinger. Rådet er godt nøgd med dei retningslinene og kriterium for tildeling som det er gjort framlegg om i saka. Rådet skulle gjerne sett at det var fleire midlar til tildeling då vi ser at søknadsmassen kvart år er mykje større en det ein har til rådvelde. Vi er klar over at det er sentrale styresmakter som står for bevilgninga, og at vi må påverke der for eventuelt å få auka rammene. Rådet er oppteken av at fylkeskommunen bør oppfordra kommunane til å gå breitt ut for å få gjort tilboden kjent. Det er mange frivillige organisasjonar som driv med godt kulturelt arbeid, retta mot alle eldre og ikkje berre til eigne medlemar. Det er viktig å få mange og breiast mogleg tilbod til dei eldre. Fylkeseldrerådet er eit medverknadsorgan i fylkeskommunen som skal ivareta dei eldre sine rettar. Etter rådet sitt syn så bør fylkeseldrerådet bidra i tildelingsprosessen.»

Kjellbjørg Lunde sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gje slik uttale til saka om Den kulturelle spaserstokken, retningsliner for utlysing og tildeling av tilskot.

Fylkeseldrerådet i Vestland er oppteken av at dei eldre skal få mange og gode kulturtildelinger. Rådet er godt nøgd med dei retningslinene og kriterium for tildeling som det er gjort framlegg om. Rådet skulle gjerne sett at det var fleire midlar til tildeling då vi ser at søknadsmassen kvart år er mykje større en det ein har til rådvelde. Vi er klar over at det er sentrale styresmakter som står for bevilgninga, og at vi må påverke der for å eventuelt få auka rammene. Rådet er oppteken av at fylkeskommunen bør oppfordra kommunane til å gå breitt ut for å få gjort tilboden kjent. Det er mange frivillige organisasjonar som driv med godt kulturelt arbeid, retta mot alle eldre og ikkje berre til eigne medlemar. Kvalitetskriteria må ivaretakast m.a. gjennom tildeling til profesjonelle utøvarar i fylket. Det er viktig å få mange og breiast mogleg tilbod til dei eldre. Fylkeseldrerådet er eit medverknadsorgan i fylkeskommunen som skal ivareta dei eldre sine rettar. Etter rådet sitt syn så bør fylkeseldrerådet bidra i tildelingsprosessen.»

Avrøyting

Ekroll sitt forslag fekk 6 røyster.

Lunde sitt forslag fekk 3 røyster og fall.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gje slik uttale til saka om Den kulturelle spaserstokken, retningsliner for utlysing og tildeling av tilskot.

Fylkeseldrerådet er oppteken av at dei eldre skal få mange og gode kulturtildelinger. Rådet er godt nøgd med dei retningslinene og kriterium for tildeling som det er gjort framlegg om i saka. Rådet skulle gjerne sett at det var fleire midlar til tildeling då vi ser at søknadsmassen kvart år er mykje større en det ein har til rådvelde. Vi er klar over at det er sentrale styresmakter som står for bevilgninga, og at vi må påverke der for eventuelt å få auka rammene. Rådet er oppteken av at fylkeskommunen bør oppfordra kommunane til å gå breitt ut for å få gjort tilboden kjent. Det er mange frivillige organisasjonar som driv med godt kulturelt arbeid, retta mot alle eldre og ikkje berre til eigne medlemar. Det er viktig å få mange og breiast mogleg tilbod til dei eldre.

Fylkeseldrerådet er eit medverknadsorgan i fylkeskommunen som skal ivareta dei eldre sine rettar. Etter rådet sitt syn så bør fylkeseldrerådet bidra i tildelingsprosessen.